



VANG KOMMUNE



Kommuneplan

- 2015-2027 -

Samfunnsdel





Kommuneplan

- 2015-2027 -

SAMFUNNSDEL

Vedteke av kommunestyret 18.12.2014, med heimel i lov om planlegging og byggesaksbehandling (pbl) av 27. juni 2008 nr. 71, kapittel 11.



Innhald – Samfunnsdel

1	Bakgrunn	4
1.1	Lovgrunnlag	4
2	Visjon og målsetjingar	4
2.1	Visjon	4
2.2	Overordna mål.....	5
2.2.1	Folketal	5
2.2.2	Barn og ungdom	5
2.2.3	Kultur og friluftsliv	5
2.2.4	Folkehelse.....	5
2.2.5	Universell utforming.....	5
2.2.6	Landbruk.....	6
2.2.7	Langsiktige arealstrategiar	6
2.2.8	Næringsutvikling og sysselsetjing	6
2.2.9	Klima, energi og miljø.....	6
2.2.10	Kommunen sin økonomi	7
2.2.11	Interkommunalt samarbeid, oppgåvefordeling	7
2.2.12	Samfunnssikring og beredskap.....	7
2.2.13	Vang kommune som arbeidsgjevar	7
3	Utviklingstrekk og status	8
3.1	Folketalsutvikling.....	8
3.2	Folketalsframskrivingar	9
3.3	Sysselsetjing.....	10
3.4	Interkommunalt og regionalt samarbeid	10
3.5	Kommunereform	11



1 Bakgrunn

1.1 Lovgrunnlag

Lov om planlegging og byggesaksbehandling (pbl) av 27.6.2008 nr. 71, omhandler kommuneplan i kapittel 11.

§ 11-1: Kommunen skal ha ein samla kommuneplan som omfattar samfunnsdel med handlingsdel og arealdel. Kommuneplanen skal ta omsyn til kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgåver, og bør omfatte alle viktige mål og oppgåver i kommunen. Planen skal ta utgangspunkt i den kommunale planstrategien og leggje retningslinjer og pålegg frå statlege og regionale styresmakter til grunn. Kommuneplanen skal ha ein handlingsdel om korleis planen skal følgjast opp dei nærmaste åra, og reviderast årleg. Økonomiplanen etter kommunelova § 44 kan inngå i handlingsdelen.

§ 11-2: Kommuneplanen sin samfunnsdel skal ta stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for heile kommunesamfunnet og kommunen som organisasjon. Samfunnsdelen skal vera grunnlag for sektorane sine planar og verksemd i kommunen og gje retningslinjer for korleis kommunen sine eigne mål og strategiar skal gjennomførast i kommunal verksemd og ved medverknad frå andre offentlege organ og private.

§ 11-3: Kommuneplanen sin samfunnsdel skal leggjast til grunn for kommune si eiga verksemd og for staten og regionale styresmakter si verksemd i kommunen.

Kommunelova av 9.5.2014 nr. 16 omhandler kommunal planlegging i § 5:

1. Kommunen skal utarbeide ein samordna plan for den kommunale verksemda.
2. Kommuneplanlegginga skal byggje på ei realistisk vurdering av venta utvikling i kommunen, og av dei økonomiske ressursar som vil stå til rådvelde, slik dette går fram av økonomiplanen.

I Vang utgjer økonomiplanen også kommuneplanen sin handlingsdel, og blir revidert årleg.

2 Visjon og målsetjingar

Måla i kommuneplanen bør avspegle ein visjon.

Kva vil Vang kommune framstå som – kva særpreg bør vi ha – kva har vi å tilby?

2.1 Visjon

Vang kommune skal vera ein god kommune å bu og vekse opp i, med gode tenestetilbod og aktive lokalsamfunn der kultur, nærleik, tradisjonar, mangfald og samarbeid står i fokus. Innbyggjarar og tilreisande skal oppleve trivsel og ei kjensle av å høyre til.

Vi skal vera aktive i høve til endringar i samfunnet, ta grep om eiga utvikling og ha tru på framtida.



2.2 Overordna mål

Vang kommune skal leggje til rette for god tenesteyting, service og informasjon, med fokus på nærleik til brukarane og forvaltning av felles ressursar.

Kommunen skal arbeide aktivt for gode og varierte butilbod tilpassa vekslende behov, herunder byggjeklare bustadtomter i ulike delar av kommunen.

Kommunen skal ha eit aktivt folkehelsearbeid med fokus på aktuelle utfordringar.

Vang ynskjer å vera eit inkluderande lokalsamfunn der skilnader i høve til kjønn, etnisk tilhøyrse, funksjonsnivå, utdanning og økonomi blir motverka.

Vang har som mål å halde fram som eigen kommune.

2.2.1 Folketal

Vang kommune skal styrke arbeidet for å snu utviklinga med nedgang i folketalet.

2.2.2 Barn og ungdom

Barn og ungdom skal sikrast stimulerande og trygge oppvekstvilkår i heim, barnehage, skule og fritid. Det er viktig at dei får så positive opplevingar med å vekse opp i Vang at dei ynskjer å koma attende.

Skule- og barnehagekvardagen skal leggjast opp med fokus på gode mellommenneskelege tilhøve, gode sosiale evner, sunn kost og fysisk aktivitet.

Det skal leggjast til rette for at ungdom får høve til aktivt å ta del i utviklinga av Vang.

Skulen i Vang skal vera blant dei beste på kvalitet og positive erfaringar for elevane.

2.2.3 Kultur og friluftsliv

Vang kommune skal medverke til eit aktivt og mangfaldig kultur- og friluftsliv av stor verdi for trivsel, helse, busetjing og næring.

2.2.4 Folkehelse

Vang kommune skal ta omsyn til folkehelseperspektivet i planlegging, utbygging og drift.

Kommunen skal samarbeide med frivillige organisasjonar der det er aktuelt, for å bidra til gode sosiale og miljømessige tilhøve.

Innbyggjarane skal vere medvitne om ansvaret sitt for å ta vare på eiga helse.

2.2.5 Universell utforming

Vang kommune skal leggje til rette for universell utforming slik at kommunen er tilgjengeleg for alle.



2.2.6 Landbruk

Vang kommune skal leggje til rette for eit fortsatt aktivt landbruk, med særleg vekt på:

- landbruk som hovudnæringa i Vang
- kulturlandskap og lokal byggjeskikk
- busetjing
- utmarksressursar
- lokal ressursutnytting og vidareforedling
- næringskombinasjonar
- stølsdrift

2.2.7 Langsiktige arealstrategiar

Langsiktige arealstrategiar skal byggje på overordna mål og strategiar for samfunnsutviklinga, og leggje føringar og rammer for arealplanlegging, utbygging og andre areal- og naturbruksspørsmål.

Vang kommune vil vera restriktiv til nedbygging av dyrka mark. Der arealbehov kan løysas på alternative måtar, bør alternativ som ikkje rører dyrka mark som hovudregel veljast. Dersom det er store samfunnsinteresser, utan fullgode alternativ til å bygge ned dyrka mark, skal ein søkje å finne erstatningsjord gjennom nydyrking..

Gode skogsbonitetar bør skjermast frå nedbygging, med oppfordring til aktiv skogskjøtsel.

2.2.8 Næringsutvikling og sysselsetjing

Vang kommune skal prioritere arbeidet med næringsutvikling, med særleg vekt på:

- variert og konkurransedyktig næringsliv
- vidareutvikling av reiselivsnæringa mot ein nasjonal og internasjonal marknad
 - Vang skal framstå som ein ekte reiselivskommune, der bygda si historie, natur, kulturlandskap, byggjeskikk, atmosfære og miljø er ivareteke på beste måte. Dette skal vera eit viktig konkurransefortrinn for kommunen.
 - knoppskyting av eksisterande bedrifter og nyetablering
 - samarbeid mellom landbruk og reiseliv
- vidareutvikling av anna næringsliv – kompetansearbeidsplassar
- etablering av eigen arbeidsplass – entreprenørskap
- å få utdanna arbeidstakarar attende til Vang

2.2.9 Klima, energi og miljø

Vang kommune vil leggje til rette for ein arealbruk som reduserer energiforbruket og utslepp av klimagassar. I beredskap- og arealplanlegging skal ein ta omsyn og leggje til rette for klimatilpassingar som følgje av meir ekstremvær, t.d. ved å ta omsyn til auka fare for flaum og skred.

Leggje til rette for Vang Energiverk KF sin produksjon av rein og fornybar energi.



2.2.10 Kommunen sin økonomi

Vang kommune skal:

- føre ein nøktern og realistisk økonomisk politikk bygd på langsiktig planlegging
- tilpasse driftsutgiftene til inntektene
- halde renteberande lånegjeld på eit lågt nivå
- nytte økonomiske verkemiddel i arbeidet med næringsutvikling
- arbeide for å behalde rettar og økonomiske ressursar knytt til kraftutbygging og kraftproduksjon

Politikarane må tidlegast mogeleg inn i budsjettprosessen.

2.2.11 Interkommunalt samarbeid, oppgåvefordeling

Vang kommune skal:

- delta aktivt i det interkommunale samarbeidet i Valdres
- vera positiv til samarbeid med andre kommunar og regionar
- vera positiv til å overta statlege og fylkeskommunale oppgåver
- samarbeide aktivt med frivillige og motivere til deltaking i frivillig arbeid, men vera tilbakehalden med å overta ansvaret for frivillige oppgåver.

2.2.12 Samfunnssikring og beredskap

Vang skal vere eit sikkert samfunn med god beredskap for krisehandtering.

Vang kommune skal:

- sørgje for tilstrekkelig kompetanse, ressursar og beredskap til å kunne handtere uønskte hendingar i ulike verksemdar.
- gjennomføre jamlege øvingar for å vera best mogeleg førebudd på uønskte hendingar.
- kjenne til og byggje vurderingar på m.a. i NOU 2010: 10 *Tilpassing til eit klima i endring* (jf. òg punkt 2.2.7 og 2.2.9).
- ta omsyn til beredskap i planlegging, utbygging og drift for å gjera det mindre sannsynleg at det skjer uhell og ulykker.
- revidere trafikkisikringsplanen jamleg.

2.2.13 Vang kommune som arbeidsgjevar

Vang kommune skal vera ein god, profesjonell og attraktiv arbeidsgjevar som kan rekruttere og behalde medarbeidarar, slik at kommunen kan halde fram med å yte tenester med høg kvalitet.



3 Utviklingstrekk og status

Raske samfunnsendringar nasjonalt og internasjonalt gjer seg også gjeldande i Vang.

Auka materiell levestandard, auka utdanningsnivå, meir individualisme, auka krav og forventningar til offentlege tenester og til eigen arbeidsplass – er døme på generelle utviklingstrekk i samfunnet. I tillegg inneber aukande sentralisering og spesialisering særlege utfordringar for ein distriktskommune som Vang.


Aukande behov for – og forventningar til – ulike offentlege tenester skuldast også endra alderssamansetjing, flyttingar og etablering av nye typar tilbod. Dette gjeld ikkje minst for kommunesektoren, som har ansvar for sentrale velferdsoppgåver som barnehage, skule, primærhelseteneste, og omsorg for eldre og funksjonshemma. Lov- og forskriftsreguleringar, øyremerking og "lovnader" og "signal" frå sentrale styresmakter – kombinert med stram kommuneøkonomi – bidreg til å auke utfordringane.

Dette har også ført til at lokaldemokratiet og oppgåvene for lokalpolitikarane er i ferd med å skifte karakter: Frå å vera med på å vedta og iverksetje nye tilbod, er det i aukande grad spørsmål om å makte å behalde tenestetilbod som er bygd opp, og å måtte velja mellom ulike nedskjeringar.

3.1 Folketalsutvikling

I kommuneplanen frå 2003 er eitt av hovudmåla å styrke arbeidet for å snu utviklinga med nedgang i folketalet. Grunngevinga for dette er opplagt. I utgangspunktet vil ein reduksjon i folketal og sysselsetjing vera negativt for dei innbyggjarane som er att, – det vil m.a. gjera det vanskelegare å oppretthalde ulike lokale servicetilbod.


Figur 1 viser folketalsutviklinga frå 1960 og frametter. Denne syner ein tilbakegang frå knapt 1 800 innbyggjarar i gjennomsnitt for 1980-åra til ca. 1 600 innbyggjarar i gjennomsnitt for det siste tiåret; ein nedgang på ca. 10 %. Sjølv om folketalet har vore temmeleg stabilt dei siste åra, har vi likevel ikkje teke del i den generelle folkeveksten i landet vårt. Dette er ikkje noko særskilt fenomen for Vang. Dei aller fleste distriktskommunar opplever tilbakegang, medan det er vekst i sentrale strok.



Figur 1: Utviklinga i folketal Vang kommune (kjelde: SSB).



Dei siste åra har det jamt over vore fødselsunderskot i Vang. At folketalet ikkje har gått meir ned skuldast nettoinnflytting – særleg frå utlandet. Figur 2 viser utviklinga i fødselsoverskot og nettoinnflytting dei siste tiåra.



Figur 2: Utviklinga i fødselsoverskot og nettoinnflytting i Vang kommune (kjelde: SSB).

Inn- og utflytting viser store variasjonar frå år til år. Nettoinnflyttinga på heile 200 i 1988 (som i all hovudsak skuldast endra registrering for flyktningar) vart raskt "nulla ut" av tilsvarande nettoutflyttingar dei påfølgjande åra.

Sidan byrjinga av 1990-talet har det vore ein jamn kjønnsbalanse i Vang, med ein variasjon mellom 98 og 103 kvinner pr. 100 menn dei einskilde åra. Kjønnsbalansen viser ikkje noko eintydig mønster mellom ulike aldrar. At kvinnene er i fleirtal frå 80 år og over har samanheng med ulik levealder.

3.2 Folketalsframskrivingar

Statistisk sentralbyrå utarbeider ulike prognosar for folketalsutviklinga. Særleg for mindre kommunar er dette usikre tal, men dei er likevel interessante. Alternativet med middels fruktbarheit, levealder, innanlandske flyttingar og innvandring (MMMM) viser ein svak auke i folketalet i Vang fram til 2040 (knappt 0,5 % årleg). Ved dette alternativet vil folketalet vera oppe i 1760 mot slutten av 2030-åra. Framskrivinga viser at talet på personar i førskule-, skule- og yrkesaktiv alder vil halde seg stabilt fram til 2040, men talet på pensjonistar og eldre vil auke med vel 50 %. For gruppa 80 år og eldre vil det bli ein nedgang på vel 20 % fram til 2019, men deretter auke til 60 % over dagens nivå i 2040.


Folketalsutviklinga er eit resultat av fødselsoverskot og inn- og utflytting, som er påverka av ulike nasjonale og internasjonale utviklingstrekk. Dette inneber sterke avgrensingar for i kva grad ein



kommune kan påvirke talet på eigne innbyggjarar. Dette er sjølvsagt ikkje til hinder for at Vang kommune bør leggje tilhøva til rette for at folketal og sysselsetjing blir halde oppe.

3.3 Sysselsetjing

Av 865 sysselsette innbyggjarar i Vang i 2009 var det 220 som pendla ut. 123 personar busette i andre kommunar pendla til arbeid i Vang. Dette gjev til saman 768 sysselsette med arbeid i Vang.



Figur 3: Fordelinga av sysselsette innbyggjarar i Vang kommune i 2011 (kjelde: SSB).

Utanom offentlig forvaltning og tenesteyting er jordbruk framleis den viktigaste næringa i Vang. I 2014 var det 118 søkjarar om produksjonstillegg; 104 menn og 14 kvinner. Dette er likevel ei halvering i løpet av dei siste 20-25 åra.

Arbeidsløysa er låg; 8-10 menn (knappt 2 %) og 3-4 kvinner (knappt 1 %) gjennom dei siste 20 åra. Dette kan tyde på at det er lett å finne seg arbeid, men det kan også hende at folk flytter frå Vang dersom dei ikkje finn seg arbeid her.

3.4 Interkommunalt og regionalt samarbeid

Grunngjevinga for interkommunalt samarbeid er m.a. betre ressursutnytting gjennom stordriftsfordelar og kvalitetsgevinstar, og/eller rekruttering til små og sårbare fagmiljø. Samarbeidet kan også vera ein strategi for å markere deltakarkommunane sine felles interesser i høve til omverda.

Vang deltek i mange regionale og interkommunale samarbeidstiltak, i fyrste rekkje med dei andre Valdreskommunane. Dette gjeld m.a. Valdres Natur- og Kulturpark (VNK), Kommunerevisjon IKS (Valdres og Hallingdal), IKT Valdres, Valdres kommunale renovasjon (VKR), Valdres skatteoppkreverkontor, Pedagogisk-psykologisk teneste (PPT), legevakt, brannførebyggjande avdeling, geografiske



informasjonssystem (GIS)/ kartsystem, innkjøpssamarbeid, forsikringsordning (FOKVA) og NAV-Valdres. For barnevernteneste er det samarbeid med Vestre Slidre kommune.

Interkommunalt samarbeid kan også gjera det mogeleg å overta statlege og fylkeskommunale oppgåver – dersom nødvendige økonomiske ressursar følgjer med.

St.meld. nr. 47 (2008-2009) *Samhandlingsreformen* inneber behov for fleire samarbeidsløysingar frametter. Her har Valdreskommunane inngått eit omfattande samarbeid gjennom *Valdres Lokalmedisinske senter*.

3.5 Kommunereform

Stortinget har slutta seg til framlegg frå regjeringa om ei kommunereform, og alle kommunar i landet er invitert til å vurdere om det er aktuelt å slå seg saman med nabokommunar. Kommunestyret i Vang har slutta seg til utgreiing i samsvar med sentrale føringar i kommunereformprosessen, saman med dei andre valdreskommunane.